

Forslingsinfrastruktur for musea i Vestland

Sluttrapport, treårig utviklingsprosjekt (2021-2024)





HARDANGER OG
VOSS MUSEUM

BYMUSEET.



M U
H O

MUSEUMSSENTERET
I HORDALAND



Forskningsinfrastruktur for musea i Vestland:

Musea i Sogn og Fjordane

Museum Vest

Hardanger og Voss museum

Bymuseet i Bergen


Museumssenteret i Hordaland

Kraftmuseet

Sunnhordland Museum

Nynorsk kultursentrum

Støtta av utviklingsmidlar frå Kulturdirektoratet og Vestland fylkeskommune



Innholdsliste

Innleiing	4
Del 1: Aktivitetar og resultat.....	5
Organisering	5
Forskarseminar	5
Skrivesamlingar	7
Stimuleringsmidlar	8
Forskingslitteratur	10
Prosjektutvikling	11
Ekstern kommunikasjon og påverknadsarbeid.....	13
Vidareføring av forskingsnettverk	14
Publikasjonsliste pr. desember 2025.....	15
Del 2: Sluttundersøking	16
Metode og materiale	16
Museumsleiinga og deira perspektiv.....	17
Dei tilsette sine erfaringar og perspektiv	18
Oppsummering	22
Litteraturliste.....	24



Innleiing

Forskinsinfrastruktur for musea i Vestland var eit treårig utviklingsprosjekt med mål om å styrke samarbeid om forskingsaktivitetar mellom museumsinstitusjonar i Vestland fylke. Prosjektet har vore støtta av utviklingsmidlar frå Kulturdirektoratet og *Museumsløft*-midlar frå Vestland fylkeskommune, og har gått føre i perioden 1.11.2021 – 31.12.2024. Ved utforming av prosjektet vart dei statleg finansierte musea i Vestland fylke invitert til å delta, og sju museumsinstitusjonar slutta seg til prosjektet. Etter tildeling av midlar frå Vestland fylkeskommune vart også Nynorsk Kultursentrum (Møre og Romsdal) invitert inn i prosjektet, av di dei har museumsanlegg i Vestland og er omfatta av ordninga med Museumsløft. Følgjande museum har delteke i infrastrukturprosjektet:

- Musea i Sogn og Fjordane
- Museum Vest
- Hardanger og Voss Museum
- Bymuseet i Bergen
- Museumssenteret i Hordaland
- Kraftmuseet
- Sunnhordland Museum
- Nynorsk Kultursentrum

Kode kunstmuseer og komponisthjem og Baroniet Rosendal valde å ikkje delta i prosjektet.

Målsettinga med utviklingsprosjektet har vore å prøve ut ulike tiltak som kan auke forskingskompetansen og forskingsresultata, og å etablere eit varig forskingsmiljø som drar nytte av dei samla forskingsressursane ved dei deltakande musea også etter prosjektslutt. Det vart i prosjektet lagt særleg vekt på samhandling og infrastruktur for å styrke det individuelle forskingsarbeidet, og prosjektet har av denne grunn ikkje hatt felles forskningstema eller forskningsspørsmål som deltakarane har jobba etter. Det er samtidig jobba ut frå ein hypotese om at etablering av eit forskingsmiljø på tvers av museumsinstitusjonane, der dei tilsette jobbar i lag for å gjennomføre forskingsarbeidet, vil kunne påverke faglege interesser og teoretiske og metodiske perspektiv i utvikling av både individuelle og felles forskingsprosjekt i framtida.

I denne sluttrapporten vert aktivitetar, tiltak og resultat frå prosjektet presentert. Ved starten av prosjektet vart det gjennomført ei kartlegging av forskingsressursar og rammevilkår for forskning ved dei deltakande musea, retta både mot dei tilsette ved musea og museumsinstitusjonane representert ved øvste leiar. Kartlegginga ga nyttig kunnskap for å utvikle tiltak gjennom prosjektet, og er eit utgangspunkt for å vurdere effekt og nytte av dei gjennomførte tiltaka i utviklingsprosjektet. Kartleggingsundersøkinga resulterte i ein rapport som vart publisert i 2023, og vil berre bli kort omtalt i denne sluttrapporten.¹ Ei ny undersøking vart gjennomført mot slutten av prosjektperioden som ledd i evalueringa av prosjektet, og inngår som del av sluttrapporten.

Sandane/Norheimsund/Bergen, 9.1.2026

Thomas Michael Walle

Musea i Sogn og Fjordane

Heidi Richardson

Hardanger og Voss museum

Årstein Svihus

Museum Vest

¹ https://misf.no/assets/misf/publikasjoner/forskinsressursar-og-rammevilkar-for-forskning-i-musea-i-vestland_rapport.pdf



Del 1: Aktivitetar og resultat

Da prosjektet starta opp i november 2021, var samfunnet framleis påverka av pandemien og tiltaka som var innført for å avgrense smittespreiing. Dette førte til at nokre aktivitetar vart utsett og delvis flytta over på digitale flater. Grunna geografiske avstandar, har vi heldt på digitale møte som hovudkanal for planleggingsmøta i prosjektleiargruppa og informasjonsmøta for kontaktpersonar og prosjektdeltakarar, men har søkt å gjennomføre fysiske møte når det har vore behov for å drøfte strategiske val i prosjektet og vegen vidare for forskingssamarbeidet. Trass i ein utfordrande oppstart, har prosjektet som heilskap vore gjennomført som planlagt.

Organisering

Utviklingsprosjektet har formelt vore administrert av Musea i Sogn og Fjordane, som har stått som søkarinstitusjon og hatt det administrative og økonomiske ansvaret, inkludert rapportering undervegs. Prosjektet har vore organisert med ei prosjektleiargruppe med ein representantar frå høvesvis Musea i Sogn og Fjordane (Thomas Walle), Hardanger og Voss museum (Heidi Richardson) og Museum Vest (Årstein Svihus), alle med doktorgrad/førstekompetanse. Prosjektleiarane har delt på ei 100% stilling, noko som har sikra frikjøp for å planlegge og gjennomføre aktivitetar, samt at dei har bidratt med sin faglege kompetanse i tilbakemeldingar til prosjektdeltakarane sine forskingsarbeid. Med utgangspunkt i prosjektet sitt hovudmål om å etablere samarbeidsrelasjonar og infrastruktur mellom ulike og geografisk spreidde museumsinstitusjonar, har det vore verdifullt å forankre prosjektleiinga i fleire institusjonar. Dette har sikra at ulike perspektiv på og føresetnadar for forskning er teke i vare i prosjektet, og det er vårt inntrykk at dette også har sikra høg legitimitet hjå dei andre deltakarinstitusjonane. Det har i tillegg vore engasjert prosjektmedarbeidarar, som mellom anna har bidrege til gjennomføring av kartleggings- og sluttundersøkingane, rapportskrivning og oppfølging av prosjektaktivitetar undervegs.

Dei deltakande musea har vore representert med ein kontaktperson kvar, som saman med prosjektleiarane har utgjort prosjektgruppa. Prosjektgruppa har hatt jamlege møte for å drøfte framdrift og strategiske val gjennom prosjektperioden, og kontaktpersonane har vore avgjerande for å kommunisere prosjektaktivitetar til dei tilsette ved musea. Det har vore noko utskifting i kontaktpersonar gjennom prosjektperioden, noko som tidvis har svekka kommunikasjonen i prosjektet. Samtidig har leiinga ved dei deltakande musea vore inkludert i mykje av kommunikasjonen om prosjektet, inkludert særskilde informasjonsmøte, slik at dei deltakande institusjonane heile tida har vore godt orientert om prosjektet og dei ulike aktivitetane.

Kommunikasjon om prosjektet har skjedd både gjennom e-post til kontaktpersonane og via eigen Teams-kanal (administrert av Musea i Sogn og Fjordane) som har vore open for alle interesserte. Begge kommunikasjonsformene har hatt sine svakheiter. Prosjektet har vore avhengig av at rett kontaktperson har fått oversendt e-post, samt at vedkommande har sendt informasjonen vidare til aktuelle personar i sin organisasjon. Integrering av Teams for eksterne brukarar (utanfor MiSF) har og hatt nokre utfordringar, særleg der museumsinstitusjonen har nytta anna IT-leverandør enn Kutur-IT. Samla sett meiner vi likevel at prosjektet har evna å nå ut med viktig informasjon til prosjektdeltakarane.

Forskarseminar

Det er gjennomført fem forskarseminar i løpet av prosjektet. Somme av desse har vore samlingar med faglege innlegg frå eksterne og interne innleiarar, nokre har hatt vekt på prosjektutvikling. På dei fleste seminara har det og vore økter der deltakarane har presentert og fått respons på eget tekstleg arbeid. Deltakinga på forskarseminara har variert gjennom prosjektet, med høgast tal deltakarar på dei opne seminara med faglege innlegg.



Seminar 1, Bergen 9.-10. mars 2022

På dette første forskarseminaret var føremålet å samle interesserte deltakarar for å knytte fagleg kontakt på tvers av museumsinstitusjonane, gje inspirasjon for forskingsarbeidet framover, invitere til gruppearbeid og dele førebels resultat frå kartleggingsundersøkinga som vart sendt ut i starten av prosjektet. Tre eksterne innleiarar var invitert, i tillegg til innlegg frå prosjektleiargruppa og prosjektmedarbeidar:

- Brita Brenna, professor, UiO: «Vilje til forskning: tankar om musea som forskingsinstitusjonar»
- Helge Eggebø, forskar, Nordlandsforskning: «Kollektive forskingsmetodar og samskriving»
- Mads Langnes, førstekonservator og forskingskoordinator, Romsdalsmuseet: «Erfaringar med fellesteneste for forskning i Møre og Romsdal».
- Thomas Walle: «Frå forskingsidé til publisert artikkel: Tips og erfaringar frå ein tidsskrifts-redaksjon»
- Årstein Svihus: «Museumstilsett og stipendiat, nokre erfaringar»
- Heidi Richardson: «Kvifor museumsforskning er ei gåvepakke til forskingsfeltet»
- Elisabet Janssen: «Statusrapport frå kartlegginga av forskingsresursar i musea i Vestland»

Det vart organisert gruppearbeid kring temaet «Kva må til for å få forska meir?» Det var lagt opp til godt med tid til spørsmål og diskusjon etter kvart innlegg. Seminaret samla 24 deltakarar pluss eksterne innleiarar, og tilbakemeldingane frå deltakarane var jamt over gode.

Seminar 2, Stordalen 6.-7. februar 2023

Seminaret vart utsett frå november og gjennomført i samband med skrivesamlinga i februar 2023. Formatet her var innlevering av tekst i forkant som alle måtte lese, og der to av deltakarane fekk særleg ansvar for å førebu grundige kommentarar. Alle kunne bidra med ytterlegare kommentarar, der prosjektleiargruppa hadde eit særleg blikk på vitskapeleg nivå og sjangerforståing. Seminaret vart innleia med ei innføring i akademisk kritikk, og verdien av å etablere eit «trygt rom» der vi er medvitne om å skilje mellom tekst og person. Seminaret fungerte veldig bra, jamvel om det var store skilnader i erfaringane med å skrive vitskaplege tekstar og å utveksle faglege synspunkt. Tilbakemeldingane var at det var godt å trene på både å gi og få faglege tilbakemeldingar, og at det var nyttig å ha satt av tid til vidare arbeid med tekstane i den etterfølgande skrivesamlinga. Likevel sakna somme moglegheita til å lese seg meir opp med utgangspunkt i dei innspela som kom, og fleire opplevde også at skrivesamlinga vart korta ned for mykje. Med 13 deltakarar var nok dette maksimalt av det eit slikt format kan handtere, også med omsyn til at deltakarane skal rekke å lese over alle tekstane i forkant.

Seminar 3, Bergen 19. april 2023

Seminaret var ein kombinasjon av faglege innlegg, diskusjon om framtida for forskningssamarbeidet og diskusjon av innsendte tekstar. Til dag 1 inviterte vi dei som fekk stimuleringsmidlar frå prosjektet i 2022 til å presentere sitt arbeid: Gitte Bastiansen (Norges Fiskerimuseum/Museum Vest) og Gry Bang-Andersen (Bergens Sjøfartsmuseum/Museum Vest) presenterte sine arbeid med å utvikle ph.d.-prosjekt, og Stein Arnold Hevrøy (Haugesenteret/Nynorsk Kultursentrum) presenterte sin artikkel om «Stokkebåten». I neste bolk var det først ein presentasjon av status for prosjektet, før diskusjon med utgangspunkt i ei skisse av tre ulike alternativ for vidare organisering av forskningssamarbeidet i Vestland: *Forslingskoordinator Vestland*, *Forslingsnettverk Vestland* og *Forskingssenter Vestland*. Til denne delen hadde vi invitert museumsdirektørane til ein samtale om vegen vidare. I denne gav direktørane støtte til ei vidareføring av forskningssamarbeid på liknande premiss som forskingsinfrastrukturprosjektet. Prosjektleiargruppa fekk mandat til å føre vidare samtale med fylkeskommunen om ei varig innretting av forskningssamarbeidet. På dag 1 var det 18 deltakarar.



Dag 2 var via drøfting av innsendte tekstar, og det var ei mindre gruppe på fire som nytta høve til dette, i tillegg til at prosjektleiar var hovudopponent på alle tekstane. Det noko mindre omfanget ga bra rom for tilbakemeldingar og diskusjonar.

Seminar 4, Herdla 17.-18. oktober 2023

Seminarret hadde hovudvekt på diskusjon av tekstarbeid, med seks innsendte artikkelutkast. Vi inviterte Frank Meyer (Nes Jernverkmuseum) til å halde eit digitalt føredrag om korleis ein skriv ein forskingsartikkel, og dette var veldig inspirerande og nyttig for deltakarane.

I tillegg nytta vi seminarret til å drøfte utvikling av prosjekt til neste utlysing frå Kulturdirektoratet, der det og var høve til å delta digitalt. Det var semje om at prosjektleiargruppa kunne gå vidare med å tilpasse prosjektet som var utvikla til NFR-utlysinga i 2022 til eit nytt prosjekt.

Seminar 5, Skjerjehamn 5.-6. juni 2024

I forkant av seminarret hadde prosjektleiargruppa jobba mykje med å vidareutvikle NFR-prosjektet (*NAMUS – The nature of museums*) til den nye utlysinga frå Kulturdirektoratet (sjå under). Søknaden til det nye utviklingsprosjektet: *Å forske saman: Kollektive analysar av natur-kulturrelasjonar ved musea* vart innlevert dagen før seminarret, og vi la opp til at forskarseminaret skulle vere eit første steg for å utvikle forskingsprosjektet som ein kollektiv prosess. Til seminarret hadde vi invitert Marie-Theres Fojuth, førsteamanuensis i historie ved Universitetet i Stavanger og tidlegare første-konservator ved MUST, og Karin Lillevold, stipendiat ved AHKR, Universitetet i Bergen, til å halde faglege føredrag relevant for forskingsprosjektets tematikk. Begge føredraga bidrog med relevant og inspirerande innsikt i miljøhumaniora og forskning på naturkultur-relasjonar. Deltakarane vart inviterte til å presentere tankar om korleis deira forskingsinteresser kunne passe inn i dei overordna forskingsspørsmåla i prosjektet, med tanke på å utvikle ulike delprosjekt. Sjølv om prosessen var nyttig, var det og mange som fann det krevjande. Ein lærdom var at komprimeringa av prosjektet frå NFR-søknaden til ei knappare prosjektskildring til Kulturdirektoratet, mista noko av den teoretiske samanhengen som låg til grunn for det opphævelege prosjektet. Det syner og at det kan vere krevjande for museumsforskarane å kome inn i eit prosjekt der dei faglege og teoretiske premissa til dels er lagt, jamvel om den opphævelege søknaden og mykje av faglitteraturen var tilgjengeleg for deltakarane på førehand. Det var ti deltakarar på første dagen. På seminarrets andre dag var det ny runde med presentasjon og diskusjon av innsendte tekstar, frå fire av deltakarane.

Erfaringar frå seminara

Jamt over har deltakinga på seminardelane der vi har diskutert innsendte tekstar, vore lågare enn dei opne seminara med fagleg innlegg og/eller drøfting av prosjektutvikling. Sjølv om vi vurderte det som eit «lågterskeltilbod», har mange truleg kvidd seg for å dele uferdige tekstar med kollegaene. Seminarret som vart arrangert i kombinasjon med skrivesamlinga hadde høgast tal innsendte tekstar, og var særleg vellykka av di vi hadde høve til å jobbe med tekstane rett etter at vi hadde fått tilbakemeldingar. Samtidig tok dette verdifull tid frå skrivedelen, så ideelt kunne vi hatt meir enn ei veke til rådvelde. Sjølv om deltakinga har vore varierande, vurderer vi tiltaket som vellykka. Særleg med omsyn til å skape relasjonar og engasjement mellom deltakarane, som ledd i å bygge eit forskingsmiljø som også inkluderer utvikling av faglege og teoretiske posisjonar.

Skrivesamlingar

Skrivesamlingane har vore ein fast halvårleg aktivitet gjennom prosjektet, med til saman 6 samlingar i åra 2022-24. Vi har nytta metodikken kalla «Shut up & Write», med 45 min. konsentrert skrivning og 15 min. pause gjennom dagen, over ei heil veke. Vi har leigd oss inn på ein overnattingsstad som har hatt høvelege lokale for å huse 12-15 personar som uforstyrta sit saman og



arbeider på individuelle skriveprosjekt, og som har servert alle måltid gjennom veka. Med eitt unntak har skrivesamlingane vore på Stordalen fjellstove, som ligg høveleg til mellom Hordaland og Sogn og Fjordane, og som har godt turterreng (flott rekreasjon etter ein lang dag). Vi vurderer tiltaket som særskild vellykka, der metodikken har «tvunge» deltakarane til å stå i skriveprosessen også når det har butta i mot. Det har vore interessant å erfare at nokre skriveøktar har «flydd» av garde, mens andre er opplevd som lange og seige. På denne måten har vi som deltakarar også fått auka medvit om vår eigen skriveprosess, og betre innsikt i kva som skal til for å sikre god flyt i skrivinga.

Opphøveleg er «Shut up & Write» utvikla for kortare øktar, t.d. nokre timar mot slutten av dagen for studentar eller universitetstilsette forskarar som har nytte av den kollektive skrivinga. Ei full veke er i så måte ein meir ekstrem variant, som er tilpassa dei særlege tilhøva som mange museums-tilsette jobbar under, med varierte arbeidsoppgåver i kvardagen. Skrivesamlingane har for mange vore eit sjeldan høve til å arbeide konsentrert med skriving over mange dagar i strekk.

Sjølv om skrivesamlingane har vore effektive for å produsere vitenskapleg tekst, erfarer vi at det krev ein del førebuing for deltakarane for å få utbytte av ei full veke med skriving. I starten var vi strenge med at det ikkje var tillat å ha med lesestoff til skriveøkta, sidan hovudpoenget med metodikken er å leggje til rette for konsentrert skriving. Vi tilpassa dette etter kvart, ut frå ønskje frå deltakarane. Vår erfaring er at det likevel er ein føremon at deltakarane har gjort det meste av kjeldestudium før dei kjem til skrivesamlinga. Det har truleg vore mange som kunne ønskt å delta på samlingane, men som ikkje har hatt tilstrekkeleg med materiale til å finne nytte i tiltaket.

Alle deltakarmusea hadde éin reservert plass på skrivesamlingane, mens dei resterande plassane vart fordelt etter vurdering av søknad. Ikkje alle musea har hatt deltakare til samlingane, og i praksis har alle som har søkt fått plass. Samlingane har hatt ei kjerne av faste deltakarar, men det er gledeleg å erfare at det stadig har vore nye deltakarar som har meldt seg på.

Følgjande skrivesamlingar er gjennomført:

- Lyngheiseret, 2.-6. mai 2022: 7 deltakarar
- Stordalen, 24.-28. oktober 2022: 8 deltakarar
- Stordalen, 8.-10. februar 2023: 13 deltakarar
- Stordalen, 18-22. september 2023: 9 deltakarar
- Stordalen 5.-9. februar 2024: 12 deltakarar
- Stordalen 2.-6. september 2024: 9 deltakarar

Samlingane vert vidareført som tiltak gjennom *Forskningsnettverk Vestland*, førebels med prosjektfinansiering frå Vestland fylkeskommune.

Stimuleringsmidlar

Gjennom prosjektet har vi hatt ulike individuelle tiltak, der føremålet har vore å stimulere forskarane og deira institusjon til å sette av tilstrekkeleg med tid til å gjennomføre forskningsaktivitetar. Stimuleringsmidlane har gått til museumsinstitusjonen, mot at forskaren er sikra frikjøp til å gjennomføre forskningsaktivitetar.

Skrivestipend

Skrivestipenda har vore den mest populære ordninga, og det er til saman delt ut 9 skrivestipend for å slutføre arbeid med pågåande skriveprosjekt. Ved mottak av stipend på kr. 40 000, forplikta museet seg til å gi museumsforskarar minimum eitt månadsverk fri til å jobbe konsentrert med



teksten. Stipenda er delt ut basert på søknad der det er gjort greie for det konkrete skriveprosjektet, kor langt ein har kome og stadfesting frå museet om at den tilsette kan nytte arbeidstid til å jobbe konsentrert med skrivinga. Grunna økonomien i prosjektet har vi hatt høve til å auke tal skrivestipend frå opphavelig budsjett, med to utdelingar i 2023, og det er derfor delt ut stipend til alle som har søkt med ein tilfredsstillande søknad og plan for arbeidet. Fleire søknadar eller strammare økonomi vill gjort det nødvendig å sile søknadane ut frå kvaliteten på det innsendte arbeidet.

Sjølv om stipendet ikkje dekkjer den totale kostnaden institusjonen har for eit månadsverk, er vår erfaring at stipendet er viktig for å skape medvit om at forskingsarbeidet krev at ein sett av dedikert tid til arbeidet, og jamvel at stipendet skaper merksemd og entusiasme kring skrivearbeidet. Samtidig noterer vi oss at fleire av stipendmottakarane har brukt mykje lenger tid på ferdigstillinga enn skissert i søknaden. I nokre tilfelle er dette ei følgje av å få betre innsikt i kva som skal til av arbeid for å ferdigstille ein vitenskapleg tekst. Det er likevel også tilfelle at nokre av stipendmottakarane har hatt utfordringar med å få fri frå andre arbeidsoppgåver til å jobbe samanhengande med skrivinga.

Følgjande skrivestipend er tildelt:

2022

- Knut Rommetveit, Museum Vest
- Natalija Čosić, Museumssenteret i Hordaland
- Stein Arnold Hevrøy, Nynorsk kultursentrum

2023

- Fredrik Hope, Nynorsk kultursentrum
- Kristine Ness, Musea i Sogn og Fjordane
- Therese Nasset, Musea i Sogn og Fjordane
- Stein Arnold Hevrøy, Nynorsk kultursentrum
- Monika Ravnanger, Museumssenteret i Hordaland
- Wim van der Toorn, Hardanger og Voss Museum

Ved utgangen av prosjektet har dei fleste av stipendmottakarane publisert sin vitenskaplege tekst eller er i redaksjonell prosess for publisering. For nokre få har det vore særlege tilhøve som har forseinka prosessen noko, men med konkret plan for ferdigstilling og publisering i 2025.

Prosjektutviklingsstipend

Stipendet har vore retta mot dei som ønskjer å styrke forskingskompetansen ved å ta ein Ph.d.-utdanning. Det er lyst ut stipend på kr. 60 000 i to omgangar, der stipendet er gitt museumsinstitusjonen slik at det vert lagt til rette for nødvendig faglege fordjuping. Søknadane måtte innehalde ei kort idéskisse (1-2 sider), inkludert forskingside (tema, kjelder, metode og førebels tankar om teoretiske perspektiv), kvifor forskingsprosjekt var sett som viktig, ein konkret tidsplan for gjennomføringa av utviklingsarbeidet, og ein indikasjon på kva slags ph.d.-ordning det var planar om å søke på (t.d. utlysing frå UH-sektoren, forskingsprosjekt, offentleg sektor-ph.d.). Det var lagt opp til at kandidaten skulle bruka 2-3 månadsverk på prosjektutviklinga, og søknaden måtte ha med stadfesting frå museumsinstitusjonen om at det var høve til å bruke denne tida på prosjektutviklinga.

Prosjektutviklingsstipendet har ikkje hatt like mange søkarar som skrivestipendet, noko som er forventa då dette er ei stor forplikting både for den aktuelle museumsforskaren og for arbeidsgjevar. Dette har samtidig medført at dei som har søkt har vore svært motiverte og har levert gode søknadar med ei realistisk plan for gjennomføring. Det er delt ut tre prosjektutviklingsstipend frå prosjektet, og det er svært gledeleg å notere at alle kandidatane har fått godkjent sine prosjekt for vidare arbeid med Ph.d.-graden. Følgjande har fått tildelt stipend:



2022

- Gry Bang-Andersen, Museum Vest. Tilsett som stipendiat ved UiB frå 2023
- Gitte Bastiansen, Museum Vest. Tilslag på offentlig sektor Ph.d. 2025

2023

- Ingrid Haugrønning, Museumssenteret i Hordaland. Tilslag på offentlig sektor Ph.d. 2025

Reisestipend

Ein viktig del av forskingsprosessen på veg mot vitenskapleg publisering handlar om å presentere forskinga for ein breiare forskingsfellesskap. Vår erfaring er at mange museumstilsette har mindre erfaring med å delta på forskingskonferansar der ein møter forskarar som ein deler fagleg bakgrunn og tematisk eller teoretiske interesser med. Særleg kan det vere krevjande å få høve til å reise på internasjonale konferansar, grunna kostnadene som følgjer med dette. For å stimulere til slik deltaking, lanserte vi siste året av prosjektet reisestipend for dei som ønskte å presentere forskinga si på ein forskingskonferanse. Vi såg dette tiltaket som meir relevant for prosjektets føremål enn dei masterstipenda som opphøveleg var lagt inn i budsjettet (retta mot eksterne studentar som kunne skrive masteroppgåve med tilknytning til eit museum), og sette derfor av midlar til seks reisestipend á kr. 10 000. Ei utfordring med eit slikt stipend, er at tiltaket i mindre grad evna å stimulere til nye planar om konferansedeltaking. Å søke seg til ein konferanse krev gjerne at ein allereie har ein prosjektide eller eit pågåande prosjekt, og tiden frå ein sendar inn søknad om deltaking til den faktiske konferansen kan i somme tilfelle vere lang. Tiltaket treffe i så måte primært tilsette som allereie hadde konkrete planar eller ønskje om å delta på ein konferanse, og stipendet letta kostnadane for museumsinstitusjonen. Det er delt ut tre reisestipend frå prosjektet:

- Georgina McDowall, Musea i Sogn og Fjordane. «Bewildering Things and Material Legacies: Recontextualizing Quotidian Objects in Stories from a Likely Future» (saman med Kiersten Thamm). Innlegg på konferansen *Elegies of waste, surplus, and excess, Panel E: The design of everyday life, systems, practices*. Danish Association for Science and Technology Studies, København, 6.-7. juni 2024
- Therese Nasset, Musea i Sogn og Fjordane. «Experiences of Abandonment and Abandoned Rural Landscapes». Innlegg på konferansen *30th EAA Annual Meeting*. European Association of Archaeologists, Roma, 28.-31. august 2024
- Embla Aae, Museum Vest. «Kjøpmenn og byen, eller kjøpmenn i byen? Hanseatenes religiøse nettverk i Bergen». Innlegg på konferansen *Skandinaviske middelalderbyer – Towns in Medieval Scandinavia*, Nasjonalbiblioteket i Oslo, 3.–4. desember 2024.

Forskingslitteratur

Den avgrensa tilgangen dei museumstilsette har til forskingslitteratur har vore eit mykje omtala tema i diskusjonane om forskning i musea, og vart også drøfta i museumsmeldinga og i rapporten «Vilje til forskning» frå Brenna-utvalet. Vi har i prosjektet prøvd ulike strategiar for å finne ei løysing på denne utfordringa, men må konstatere at det har vore lite vellykka. Det er på det reine at den tekniske løysinga for å gi tilgang til lukka databasar for museumstilsette eksisterer, men det har vore krevjande å få innsikt i kva ein slik tilgang t.d. gjennom eit universitetsbibliotek, vil koste for musea. Det har vidare vore umogleg å kome i posisjon til å snakke med dei som sit med mynde til å forhandle fram ein avtale mellom museum og UH-sektoren. Vi har i løpet av prosjektet drøfte dette både med aktuelle personar i UH-sektoren, med fagavdelinga i Kultur- og likestillingsdepartementet og i ulike innspel i kronikkar, på fagkonferansar og i innspel til systemmeldinga for det nye forskningssystemet. Frå departementshold har vi fått beskjed om å sjølv finne løysingar for våre museum som kan tene som modell for liknande løysingar ved andre museum, men vår erfaring er at ei tydelegare involvering frå KUD kunne bidratt til å opne nokre av dei dørene som har vore stengde for oss – trass iherdig innsats.



Ved oppstart av prosjektet kjøpte vi tilgang til «Idunn-pakken» hjå Universitetsforlaget. Dette sikra alle museumstilsette i deltakarmusea utvida funksjonalitet på nettstaden www.idunn.no (no døypt om til www.scup.no) og tilgang til både tidskriftsartiklar og fagbøker publisert på Universitetsforlaget. Med unntak av enkelte fagbøker og eldre artiklar, er det meste av litteraturen som vert publisert opent tilgjengeleg. Verdien av denne tilgangen har såleis vore avgrense sett opp mot den større utfordringa. Sidan løysinga gav automatisk tilgang via IP-adressa som datamaskinen var kopla til, har nok mange hatt tilgang utan å ha stor medvit om dette. Det er likevel vårt inntrykk at Idunn-pakka ikkje har svart på dei behova for tilgang til forskingslitteratur som museumstilsette opplever.

Den dårlege tilgangen på forskingslitteratur som rår i dei KUD-finansierte musea er eit særskilt hinder for utvikling av både små og store forskingsprosjekt. I dag når nye publiseringar er eit tastetrykk unna for universitets- og høgskuletilsette, er manglande tilgang for musea attåt svak finansiering noko som skapar eit veksande gap mellom vår sektor og andre kunnskapsinstitusjonar. I infrastrukturprosjektet har problemet vore «løyst» ved at nokre av oss har hatt tilgang gjennom bistillingar i UH-sektoren. Dei fleste museumsforskarar har derimot ikkje høve til å vere gratispassasjerar på andre institusjonars tilgang, men må nøye seg med opne tidsskrift og elles freiste å halde seg oppdatert gjennom omstendelege innlånsrutinar ved offentlege bibliotek eller kostbare kjøp av tidsskrifttilgang. Dette er etter vår meining ikkje ei berekraftig løysing, og det er grunn til å tru at denne situasjonen også gjer det krevjande for museumsforskarane å ta initiativ til å utvikle prosjekt i samarbeid med forskingsorganisasjonar utanfor museumssektoren.

Prosjektutvikling

I forkant av prosjektstart var det varsla eit sett med tiltak frå myndigheitene for å styrke forskning i musea², og det har heile tida vore vår ambisjon å nytte forskingsinfrastrukturprosjektet som utgangspunkt for å konkurrere om eventuelle utlyste midlar, t.d. stipendiatmidlar og forskingsprosjekt. I prosjektsøknaden skreiv vi mellom anna:

Vi vil arbeide med å utvikle konkrete felles forskingsprosjekt som vi kan søke på når dei varsla søkbare midla (Meld. St. 23 (2020-21), s. 54) blir gjort tilgjengeleg for museumssektoren. [...]

Vidare vil vi jobbe strategisk med å få fram eigne kandidatar til dei varsla stipendiatstillingane (ibid.), med mål om at fleire av desse tildelingane kjem vårt eige forskingsmiljø til gode.

Samarbeidsprosjekt for å styrke forskning og forskarrekruttering i musea (NFR)

Kultur- og likestillingsdepartementet sette av midlar til tiltak for å styrke museumsforskninga på statsbudsjettet for 2022 (5 mill., til saman 15 mill. over ein periode på tre år), men den valde innrettinga viste seg å passe dårleg med slik vi hadde planlagt våre tiltak. For det første vart det ikkje lyst ut «frie» stipendiatmidlar som dei museumstilsette kunne søke på. For det andre la Forskringsrådet føringar på at det i samarbeidsprosjektet måtte vere ein godkjent forskingsorganisasjon som sto som søkar. Midlane som var satt av til samarbeidsprosjektet var vidare i hovudsak bunde opp i rundsumsløyving til ein ph.d.-stipendiat og administrative kostnader ved forskarorganisasjonen, slik at dei reelle tilhøva for å *samarbeide* om forskning i utgangspunktet var avhengig av omfattande eigenfinansiering av musea si forskningstid.

Vi tok likevel initiativ til å utvikle eit forskingsprosjekt i samarbeid med Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap (AHKR) ved Universitetet i Bergen. Prosjektet *The nature of museums: On the interweaving of nature and culture in museums (NAMUS)* har som målsetting å undersøke kritisk i kva grad musea har bidrege til eit modernistisk skilje mellom natur og kultur, om eit slikt

² Jf. «Musea i samfunnet. Tillit, ting og tid. (Meld. St. 23 (2020 – 2021))» (Kulturdepartementet, 2021).



skilje har forma også musea i Vestland, korleis seinare museumsutvikling representerer nytenking omkring natur-kulturrelasjonar og korleis denne nytenkinga påverkar tidsforståingar og syn på fortid, nåtid og framtid. Vidare ønskte vi i prosjektet, med utgangspunkt i utfordringane som kjem til uttrykk gjennom den *Antropocene* tidsalder, å undersøke potensialet i pluralistiske ontologiar i analysar av ulike natur-kulturrelasjonar i musea, med særleg fokus på immateriell kultur og ny-materiellitet.

AHKR har som fagmiljø spisskompetanse på desse forskingstema, men prosjektet vart utvikla av oss i prosjektleiargruppa, med faglege innspel frå instituttet. Det var ein styrke ved prosjektet at det tok utgangspunkt i dei særlege faglege og empiriske føresetnadane vi som museumsforskarar har, og som dermed utfyller og nyanserer kompetansen og perspektiva hjå forskingsmiljøet ved AHKR.

Det er brukt omfattande arbeidstid frå prosjektleiinga til å utvikle søknaden, inklusive å lese seg opp på eit nytt og veksande forskingsfelt og møtast til intensiv skriveøkt. Tilgang til nyare forskingslitteratur har berre vore tilgjengeleg for oss gjennom bistillingane Årstein Svihus og Thomas Walle har hatt ved universiteta (UiB/UiO). Vi kan vanskeleg sjå at vi kunne vore initiativtakarar og jamstilte forskingspartnarar med AHKR utan denne ekstraordinære tilgangen som våre museumskolleagaer er avskorne frå.

Resultata av tildelinga blei klare rett før jul 2022, og sjølv om vi ikkje fekk tilslag på prosjektet, fekk vi svært gode tilbakemeldingar, med ei samla karakter på 6 (der 7 er best), og med karakteren 7 på kriteriet «Relevans for utlysinga». I vurderinga står det følgjande:

Søknaden svarer særdeles godt på relevans. Prosjektsøknaden vurderes som svært relevant for museumssektoren og museet som inngår som samarbeidspartner. Søknaden beskriver svært godt samarbeidende museers rolle i prosjektet. Prosjektet har lagt opp til at samarbeidspartner deltar aktivt i planlegging, gjennomføring og spredning av resultater fra prosjektet, og har en god plan for formidling. Prosjektet er svært godt forankret hos partner. Søknaden omfatter et doktorgradsstipend som er godt integrert i prosjektet.

Ei slik tilbakemelding er sjølv sagt motiverande, sjølv om vi den gongen fekk avslag. Med manglande innsyn i vurderingane for dei andre prosjekta er det vanskeleg å seie noko om kvifor vi fekk avslag på tross av gode vurderingar, men vi merka oss at dei tildelte prosjekta synast å ha sterkare forankring i dei søkande forskarorganisasjonane enn i dei musea som inngår som partnarar. Vi valte likevel å søke på nytt med eit revidert og forbetra prosjekt då ei ny utlysing frå NFR kom på tampen av prosjektperioden for forskingsinfrastrukturprosjektet. Denne gongen fekk vi tilslag og NAMUS vil starte opp i 2026!

Kulturdirektoratets utviklingsprogram

Kulturdirektoratets utlysing av midlar til nye treårige utviklingsprosjekt (2024-2026), hadde «Aktiv samhandling» som overordna tematikk. Føremålet med utlysinga var å stimulere til nye varige samhandlingsstrukturar, styrke kompetanse og infrastruktur innafor alle museumsfaglege område, og å styrke museas arbeid med kompetanseutvikling og utvikling av metodar og strategiar for å nå FN's berekraftsmål. Vi opplevde at samarbeidet som er etablert gjennom «Forskningsinfrastruktur for musea i Vestland» svara på fleire av føremåla i utlysinga, og at dette var eit godt utgangspunkt for å prøve ut samforskning som metode for å styrke ytterlegare samhandlingsstrukturane, para med dei tematiske og teoretiske perspektiva frå NAMUS-prosjektet som også knytte prosjektet til berekraftstematikken.



Prosjektet *Å forske saman: Kollektive analysar av natur-kulturrelasjonar ved musea* var slik vi så det svært godt tilpassa utlysinga, men vi fekk ikkje tilslag på søknaden. Eit justert prosjekt blei sendt inn til Vestland fylkeskommune på ordninga Museumsløft: *Å forske saman: Utprøving av metodar og praksis for samforskning, med mål om styrka forskingskompetanse og auka forskingsproduksjon hjå musea i Vestland*. Vi fekk tildelt midlar til dette prosjektet, noko som har sikra midlar til å gjennomføre forskarseminar og skrivesamlingar i 2025 (og tentativt 2026).

Ekstern kommunikasjon og påverknadsarbeid

Kronikk

Allereie då innretting for myndigheitene si satsing på museumsforskning blei kjend, følte vi på ei viss frustrasjon over kor lite treffsikker utlysinga frå Forskingsrådet var. Ønskje om å gje uttrykk for denne frustrasjonen blei stogga av vilja til å freiste å sende inn ein søknad som etter våre vurderingar var av tilstrekkeleg fagleg kvalitet. At vi ikkje var blant dei tre prosjekta som då fekk tilskot var til å leve med, men då det blei kjend at det ikkje var planar om nye utlysingar korkje retta mot stipendiatstillingar eller søkbare forskingsmidlar, meinte vi at det var riktig å seie i frå. Dette er også i samsvar med målsettinga i forskingsinfrastrukturprosjektet, der vi i prosjektsøknaden skriv: «*Her ønskjer vi i prosjektet også å operere som ein aktiv aktør opp mot offentlege instansar som definerer rammevilkåra for museumsforskninga, t.d. Kulturdepartementet, Kulturrådet, Norges Forskningsråd*». Kronikken «Vilje til forskning – men kva så?» stod på trykk i Forskerforum nr. 4, 2023 (27.3.23), og blei publisert online 19. april.³ I tillegg til svakheiter i sjølve utlysinga, som flytta initiativet for prosjektutvikling frå musea og over på forskarorganisasjonane, tek vi også føre oss uvisse i korleis midlane reelt vil tilfalla forskning i musea, manglande kontinuitet i satsinga, vedvarande hinder i tilgang til faglitteratur, og få insentiv til å jobbe fram gode prosjekt når utsiktane til å få støtte er så dårlege. Vi fekk mange positive tilbakemeldingar frå kollegaer i museumssektoren på kronikken, men og frå universitetsmiljøet som var overraska over tilhøva for forskning i musea.

Eksterne møte og presentasjonar

Forskinsinfrastrukturprosjektet har fått nasjonal merksemd, og prosjektleiarane har vore invitert til å presentere erfaringar som døme på mogleg organisering av forskning på tvers av museumsinstusjonane, og for å gi innsikt tilhøve for forskning i musea og å løfte fram nokre av dei strukturelle hindra som møter oss som museumsforskarar. Presentasjonar har vore gitt både til Kultur- og likestillingsdepartementet, Kulturdirektoratet, Forskerforbundet og Vestland fylkeskommune. Følgjande liste syner ei oversikt over eksterne presentasjonar:

- 16.11.2021: Presentasjon på webinar i regi av Kulturrådet om Cristin i musea, med tittel «Tankar om utvikling av regional forskingsstøtte»
- 22.11.2022: Presentasjon på Museumsleiarsamling i Vestland (Vestland fylkeskommune), «Forskinsinfrastruktur for musea i Vestland: Eit tiltak for å løfte musea si rolle på forskingsfeltet?», De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum
- 6.6.2023: Presentasjon av prosjekt og kartleggingsrapport på internseminar for Kulturdirektoratet og Kultur- og likestillingsdepartementet
- 7.6.2023: Innlegg på webinar i regi av Kulturdirektoratet, om «Museenes tilstedeværelse i Nasjonalt Vitenarkiv»
- 28.06.2023: Drøftingsmøte med Vestland fylkeskommune om «Forskingsnettverk Vestland»
- 24.10.2023: Dialogmøte med Kultur- og likestillingsdepartementet om «Forskingsnettverk Vestland»

³ <https://www.forskerforum.no/myndighetene-forstar-ikkje-kva-musea-treng-for-a-fa-til-forskning-av-hog-kvalitet/>



- 16.6.2024: Presentasjon på sektorseminar for arkiv, bibliotek og museum i Forskerforbundet: «Forskningsressursar og rammevilkår for forskning i musea i Vestland: Korleis kan regionale museum utvikle seg som forskingsinstitusjon?»
- 22.10.2024: Presentasjon på Museenes forskerkonferanse: «Forskningsnettverk Vestland: Korleis kan regionale museum utvikle seg som forskingsinstitusjon?»
- 8.11.2024: Presentasjon på Museumsleiarsamling i Vestland (Vestland fylkeskommune): «Forskningsnettverk Vestland: Status og vegen vidare»

Vidareføring av forskingsnettverk

Eit hovudmål med forskingsinfrastrukturprosjektet har vore å etablere eit varig og prosjektuavhengig forskingsmiljø som nyttar kompetanse og ressursar på tvers av museumsinstitusjonane. Det er òg ei tydeleg erfaring frå prosjekta at formatet i det vesentlege har fungert som tiltenkt og at musea i fylket ser seg tent med ei vidareføring. Ei fast organisering av samarbeid om forskning er i samsvar med både nasjonal og regional museumspolitik. I regional plan for kultur for Vestland fylkeskommune (2023-2035) står det følgjande om dei museumspolitiske måla:

Vestland vil utvikle ein regional heilskap på museumsområdet, der ein ser ulike initiativ i samanheng på tvers av institusjonane, og der deling av ressursar og kompetanse vert lagt til grunn som hovudprinsipp. [...]

Musea i Vestland har behov for å styrke eigen forskingsaktivitet. Utover generell auka forskingsaktivitet og høgare forskingskompetanse ved musea, er det eit mål å styrke samarbeidet på tvers av museumsinstitusjonane og mellom musea og universitets- og høgskulesektoren

(Kultur bygger samfunn, Vestland fylkeskommune 2023: 30-32)

Det siste året av prosjektet har vi jobba mykje for å sikre driftsmidlar til etablering av eit fast «Forskningsnettverk Vestland», mellom anna med søknad både til fylkeskommunen og KUD. Søknadane, som er sendt frå Musea i Sogn og Fjordane, er støtta av alle dei åtte museumsinstitusjonane som har vore deltakarar i utviklingsprosjektet, og vitnar om at prosjektet er oppfatta som vellykka og føremålstenleg for å nå musea sine forskingsmål. Jamvel dei musea som av ulike grunner ikkje har delteke i aktivitetane i infrastrukturprosjektet i den grad dei ønskte, ser verdien av å vidareføre samarbeidet i meir faste formar.

Organisering av forskingsnettverket er tenkt som ei vidareføring av slik forskingsinfrastrukturprosjektet har vore organisert, med eit koordinatormuseum (Musea i Sogn og Fjordane), med avtale med fylkeskommunen. Det bør etablerast ei nettverkgruppe med førstekompetanse. Dei deltakande museum inngår avtale med det koordinerande museum. Det er tentativt tenkt at forskingsnettverket kan få ansvar for følgjande oppgåver:

- Vera bindeledd mellom musea og kontaktpunkt opp mot fylkeskommunen
- Innkalle til halvårleg møte i *Forskningsforum* (representantar for alle deltakande museum)
- Arrangere forskarseminar (1-2 pr. år)
- Arrangere skrivesamlingar (1-2 pr. år)
- Ta initiativ til relevante kurs og opplæring
- Utvikle og forvalte *Forskningsplan Vestland* i samarbeid med *Forskningsforum*
- Ta initiativ til fellesprosjekt og utviklingstiltak, inkl. til Kulturdirektoratet, Norges Forskningsråd og regionale forskingsfond
- Vere rådgjevande ressurs for musea i deira forskingsarbeid
- Administrere rettleiing for dei tilsette ved deltakarmusea



- Søke samarbeid med andre forskingsinstitusjonar, inkl. museum i andre regionar
- Vere kontaktpunkt mot Kulturdirektoratet og Kultur- og likestillingsdepartementet
- Delta på relevante samlingar i regi av Museumsforbundet/KD
- Administrere og rapportere til NVA (Cristin)
- Jobbe for varig og langsiktig tilgang til litteraturressursar, og administrere regional tilgang

Søknadane er ikkje innfridd for budsjettåret 2025, men vi tek det likevel som eit positivt teikn at Vestland fylkeskommune har gitt tilskot til å vidareføre nokre av dei mest vellykka aktivitetane våre også for 2025-26 gjennom prosjektet «Å forske saman». Eit fast driftstilskot vil etter vår meining vere nødvendig for å sikre koordinering og planlegging av aktivitetar og søke om relevante prosjekt- og forskingsmidlar.

Publikasjonsliste pr. desember 2025

Ćosić, Natalija og Garmann, Ida Areklett: «Developing a collection center facility in Vestland, Norway: Challenges and perspectives», I *Working Towards a Sustainable Past. ICOM-CC 20th Triennale Conference Preprints*. ICOM 2023

Bastiansen, Gitte: «Museum og skole - Kunnskapsmaskineri eller dynamisk samspill?». *Nordisk Museologi* 34/2, s. 126-140. 2022

Hevrøy, Stein Arnold: «Stokkebåten, 'Stokkebåten' og 'Sanningi' – Museale og litterære refleksjonar om Olav H. Hauges diktning», *Norsk Museumstidsskrift* 1-2/2023

Hevrøy, Stein Arnold: «'År ut og år inn har du site bøygd yver bøkene'. Olav H. Hauges boksamling som kjelde til innsikt i forfatterskapen hans». I Hevrøy, Karlsen, Nielsen og parelius (red) *Her må då ordi koma: Nye lesingar i Olav H. Hauges diktning*. Novus forlag. 2024

Losnegård, Gaute og Svihus, Årstein: *Bremanger bygdebok*. Band V: Allmennsoge 1850-1945. Svelgen: Bremanger kommune. 2023

Ness, Kristine: «'De havde det som melkekjør i en kløvereng' – Ei studie av sunnfjordamma sin motivasjon og lokale påverknad». I *Heimen* 61/3, s. 235-253. 2024

Neset, Therese: «The development and cultural significance of informal rural trade in the coastal and fjord district of western Norway» I Ødegaard, Loftsgarden og Theune (red.) *Farmers' Trade and Markets. Social and Economic Interaction in the Medieval and Early Modern European Countryside*. Leiden: Sidestone Press 2025

Mathisen, Vigleik Røkke, *Nazistenes bombing av Norge. Dag for dag, time for time. I april, mai og juni 1940*. Bergen: Vigmostad & Bjørke 2022

Richardson, Heidi: «Kvardagens ferjereiser», *Norsk Museumstidsskrift* 1-2/2023

Rommetveit, Knut: «Sanere og bevare. Om bygningsvern i Bergen etter krigen og saneringen av Sandviksbodene», *Fortidsminneforeningen, Årbok* 2023

Sivertsen, Agnete: «Skautfelling», *Norsk Museumstidsskrift* 1-2/2025

Svihus, Årstein: «Annika Bünz: Museum, Place, Architecture and Narrative: Nordic Maritime Museums' Portrayals of Shipping, Seafarers and Maritime Communities». Bokmelding, Maritime perspektiver, 1(2024), 66–70.

van den Toorn, Wim: *Ingebrigt Vik, ein meister i tystnad og detalj*. Ingebrigt Vik museum/Kabuso. 2025

Walle, Thomas: «Folkemuseum: Mangfoldarbeidets slagmark eller sted for kritisk tenkning?» I Nielsen og Skrefsrud (red.). *Folkemuseene i mangfoldige samfunn – Publikums erfaringer av forskjellighet og tilhørighet*, Oplandske Bokforlag 2023



Del 2: Sluttundersøking

Undersøkinga er gjennomført i sluttfasen av forskingsinfrastrukturprosjektet, og har som føremål å undersøke effekten av prosjektet. For det første ønsker vi å kartlegge på kva vis folk deltok i prosjektet, kva folk tykkjer var bra og kva som kunne ha vore annleis. For det andre ønsker vi å sjå om prosjektet har ført med seg haldningsendringar og endringar i praksisar knytt til forskning. For å få dette fram vil vi sjå resultata i sluttundersøkinga opp mot resultata i rapporten «Forskningsressursar og rammevilkår for forskning i musea i Vestland. Ein kartleggingsrapport» frå 2022 (i det vidare omtalt som *Kartleggingsrapporten*).⁴ Denne rapporten frå 2022 kartla forskingskompetanse og ressursar ved åtte museum i Vestland fylke. Alle er del av det nasjonale museumsnettverket og Kulturdirektoratets årlege museumsvurdering.

Musea som deltok var Bymuseet i Bergen (BYB), Hardanger og Voss museum (HVM), Kraftmuseet (KM), Musea i Sogn og Fjordane (MiSF), Museum Vest (MV), Museumsenteret i Hordaland (MUHO), Nynorsk kultursentrum (NNKS) og Sunnhordland Museum (SHM). Dei to siste musea i Vestland underlagt KUD, Kode kunstmuseer og komponisthjem og Baroniet i Rosendal valde å ikkje vera med i infrastrukturprosjektet, og er såleis heller ikkje del av undersøkingane gjennomført av prosjektet.

Metode og materiale

Denne rapporten er basert på ei anonym spørjeundersøking retta mot tilsette og ei semi-anonym undersøking retta mot toppleiarane ved dei sju musea. I tillegg bygger analysen vår vidare på funna i kartleggingsundersøkinga frå 2022, årlege rapportar, erfaringar og refleksjonar gjennom prosjektet og nettstader og endringar i forskingsplanane publisert av dei sju konsoliderte musea.

Litt om kor mange og kven som svarte

6 av 7 direktørar svarte på spørjeundersøkinga. I Bymuseet i Bergen, Kraftmuseet og ved Sunnhordland museum har det vore skifte av direktør i løpet av perioden og sistnemnte svarte ikkje på undersøkinga. Dei aller fleste av dei tilsette som svarte hadde deltatt i eit eller fleire av infrastrukturprosjektet sine tiltak. Til tross for at vi i utsendinga av spørjeundersøkinga presiserte at vi ønskte svar anten ein hadde vore med på noko i regi av infrastrukturprosjektet eller ikkje, synes det som om mange tenkte dette var ei evaluering av prosjektet og difor ikkje svarte om dei ikkje hadde vore med på nokre av tiltaka.

I spørjeundersøkinga som vart sendt ut i samanheng med Kartleggingsrapporten fekk vi svar frå over 70 personar. Vi drøfta i kartleggingsrapporten dette uventa høge talet på respondentar, og tolka det som eit uttrykk for musea si noko tvitydige syn på kva forskarkompetanse er. Dei fleste musea rekna fleir enn dei som hadde forskarkompetanse i følgje Kulturdirektoratet sin definisjon som del av sin forskarstab. I Kartleggingsrapporten var det fleir med bachelorutdanning eller anna utdanning (16%) enn folk med doktorgrad (9%) som svarte, mens det i sluttundersøkinga er 2,5 % med bachelor og 25 % med doktorgrad som har svart. I sluttundersøkinga retta mot dei tilsette fekk vi 40 respondentar, og 30 av desse hadde vore med på eit eller fleire tiltak i infrastrukturprosjektet.

I sluttrapporten har vi nytta kartleggingsundersøkinga frå 2022 som ein vegg å spele mot. Vi har sett etter endringar i dei tendensane vi såg i den første undersøkinga, for slik å forstå svara som har kome fram i sluttundersøkinga.

⁴ https://misf.no/assets/misf/publikasjoner/forskningsressursar-og-rammevilkar-for-forskning-i-musea-i-vestland_rapport.pdf



Museumsleinga og deira perspektiv

Haldningar til forskingsinfrastrukturprosjektet

Alle direktørane som svarte på undersøkinga seier dei har følgd aktivt med på forskingsinfrastrukturprosjektet. Alle meiner dei har tilrettelagt for at tilsette skulle kunne delta i tiltak i regi av prosjektet. Dei aller fleste av direktørane har også halde seg orientert om prosjektet, lese rapportar og argumentert til fylkeskommunen for at prosjektet må få vidare finansiering. To av direktørane som svarta har også delteke på forskingsseminar i regi av prosjektet. Prosjektet har altså fått god støtte frå leiinga, noko vi i prosjektet har merka også på andre vis gjennom interesse for og engasjement i kva som må til for å vidareføra prosjektet etter at prosjektperioden går ut. På spørsmål om forskingsinfrastrukturprosjektet har ført til auka bevisstheit om forskning internt svare direktørane unisont ja, og dei ønsker alle saman også å vidareutvikla forskingsfeltet internt i musea.

Om forståing av viktige forskingsomgrep og forskning

I Kartleggingsrapporten undersøkte vi musea og leiinga si forståing av sentrale omgrep knytt til forskning. I gjennomgangen av omgrepa forskning, forskingskompetanse og forskningstid kom det til syne nokre interessante særtrekk knytt til forståing av forskning ved musea. Kartlegginga viste at forskingskompetanse i dei fleste musea vart forstått breitt. Det var fleir enn dei med formell forskar-kompetanse etter kulturdirektoratets definisjon (doktorgrad, konservator og førstekonservator NMF) som vart oppfatta som bidragsytarar eller potensiell bidragsytar til museets forskning. Tre av fem leiarar meinte at dei hadde tilsette med annan kompetanse enn formell akademiske utdanning som også hadde kompetanse til å levera forskning (Kartleggingsrapporten 2022, s 14).

Det har vist seg at dei aller fleste deltakarane på skrivesamlingar og seminar i regi av Forskingsinfrastrukturprosjektet har vore akademikarar. Dette vart også synleg i sluttundersøkinga kor mest alle av dei som svarte at dei hadde vore med på eit eller fleire av prosjektets tiltak hadde mastergrad, hovudfag eller doktorgrad. Ut i frå dette er det interessant å sjå at på spørsmålet i sluttundersøkinga til direktørane om dei hadde endra sitt syn på kva forskarkompetanse er, er endringane små. Det var med andre ord slik at diskusjonar og engasjement knytt til prosjektet ikkje har medført markant endring i synet på kva som krevst for å kunne levera forskning.

I Kartleggingsrapporten kom det til syne at forskningstid ved dei fleste musea vart oppfatta som noko anna enn formalisert forskningstid slik det vert definert ved universitet og høøgskular, med ein prosentdel av stillinga med rett og plikt til å forske. I sluttundersøkinga følgde vi opp denne problemstillinga, for å sjå om fleire museum hadde drøfta og/eller innført formalisert forskningstid. Halvparten av museumsleiarane meldte at dette hadde blitt drøfta, men i dei utdjupande kommentarane kjem det fram at det ein først og fremst har drøfta er korleis ein kan få sette av meir tid til forskning i den travle museumskvarden. Det synes som om leiarane i liten grad tenker det er viktig å sette av ein fast prosentbrøk av stillinga til forskning.

På spørsmålet om ein gjennom dette prosjektet har endra syn på kva som kan forventast i form av forskingsresultat svarte fire av fem at det har dei. I tilleggskommentarane kjem det fram at ein har fått større forventningar til at dei tilsette skal levera målbare forskingsresultat i form av artiklar og liknande.

I Kartleggingsrapporten kom det fram at dei fleste musea ikkje hadde ein struktur for organisering og godkjenning av forskingsprosjekt. I sluttundersøkinga følgde vi opp denne problemstillinga. Halvparten av direktørane svarte at dette hadde vore diskutert dei siste tre åra. Tilleggs-kommentarane synleggjer at dei fleste meinte ein tek i vare denne problemstillinga gjennom å oppdatere det som står om forskning i ulike strategidokument (strategiske planar og forskingsplanar). Det kan



synast som om at forskning har vore meir på agendaen gjennom prosjektperioden, men at det framleis er slik at dei fleste som ønsker å gjera ein forskingsinnsats gjer dette på eige initiativ og at dei sjølv må sørge for å skaffa seg sparringspartnarar og forståing for val av forskingstema og perspektiv.

Det kom fram i Kartleggingsrapporten at forskingsomgrepet som dei fleste musea knytte an til låg tett på det ein kallar anvendt forskning. Ein ønskte forskning som tok utgangspunkt i dei tema og problemstillingar museet jobba med. Ingenting i sluttundersøkinga tyder på at det har funne stad vesentlege endringar i dette synet.

Har forskinga og forskingskompetansen vorte meir synleg

I Kartleggingsrapporten vart det funne at musea i Vestland ikkje synleggjer forskning og titlar i same grad som andre institusjonar:

I UH-sektoren, og universitetsmusea, er forskingskompetansen synleggjort på heimesidene. Både i form av eigne sider dedikert til forskning, og ved at tilsette sin kompetanse er presentert på tilsettsidene. Her er det ofte linka vidare til Cristin. Ein ser derimot at informasjonen på heimesidene til musea i Vestland i svært ulik grad synleggjer forskingskompetanse og forskingsfelt ved musea. Synleggjering av eigen forskning og kompetanse via slike kanalar kommuniserer både kompetanse ut og kan trekke til seg relevant kompetanse for vidareutvikling, samarbeid, osb. Ikkje minst kan det ha ein positiv effekt når det gjeld rekruttering av tilsette med forskarkompetanse. (Kartleggingsrapporten 2022, s. 37)

Ei fersk gjennomgang av nettsidene til dei deltakande musea viser at det har vore lite eller inga endring når det gjeld dette. Eitt museum har publisert ein ny forskingsplan i prosjektperioden. Dei sju andre har same eller utgåtte forskingsplanar. Det er framleis slik at halvparten av musea i Vestland ikkje synleggjer dei tilsette sin akademiske kompetanse på heimesida si. Tre av musea har ei kunnskaps- eller forskningsside på nettsida si, og to av desse har lenker til publikasjonar. Eitt museum har lenkje til aktive prosjekt. Dei fire andre viser ikkje til kunnskap eller publikasjonar spesielt.⁵

Oppsummering

Direktørane har gjennomgåande vore positive til prosjektet. Dei har også ei positiv haldning til forskning, og ikkje minst auka forskingsproduksjon. Likevel finn vi lite endring knytt til forståinga av kva forskning er og kva som krevst for å kunna levera god forskning.

Dei tilsette sine erfaringar og perspektiv

I løpet av prosjektperioden vart det arrangert fem forskingsseminar og seks skrivesamlingar. Ut over dette var det stimuleringstiltak som stønad til å slutføring av vitskapleg artikkel, stønad til å utvikla eit Ph.d.-prosjekt, stønad til konferansedeltaking og stønad i form av rettleiing.

Tretti av dei førti som svarte på sluttundersøkinga hadde delteke i eit eller fleire av tiltaka i infrastrukturprosjektet. Alle desse så nær som ein hadde akademisk utdanning på masternivå eller meir (2,5% bachelorgrad, 67,5% master/hovudfag, 5% magistergrad og 25% doktorgrad). I sluttundersøkinga fekk desse tretti nokre spørsmål knytt til sine erfaringar i prosjektet.

Fleire av respondentane hadde delteke i fleire av tiltaka i prosjektet. Heile 80 % av respondentane hadde delteke i eit eller fleire av forskingsseminara. Litt i overkant av halvparten hadde delteke på

⁵ Ved publisering av denne sluttrapporten har Musea i Sogn og Fjordane ny forskingsplan (2025-2029), samt at tilsettesidene er oppdatert med forskingsprofil og forskingsresultat.



ei eller fleire skrivesamlingar, og litt i underkant av halvparten hadde delteke i ein eller fleire workshopar.

Dei aller fleste som har delteke på tiltak i regi av prosjektet svarer at dei har fått den nødvendige støtta til å kunne ha nytte av desse tiltaka (93%). I utdjupinga av svara vektlegg folk at det med å få frigjort tid til deltaking er den viktigaste støtta for å gjera deltaking mogeleg. Denne opplevde støtta samsvarar godt med den positive haldninga som direktørane formidla i sine svar. Sjølv om det store fleirtalet av dei tilsette var nøgd med støtta, så hadde nokre også opplevd negative tilbakemeldingar. Ein av respondentane skreiv at vedkommande opplevde: *«Irritasjon frå leiar då eg fekk plass på skrivesamling.»*

Vi har fått gode tilbakemeldingar på mange av tiltaka våre, men ville gjerne vite kva folk opplevde som mest nyttig, difor stilte vi det opne spørsmålet «Kva har vore det mest nyttige tiltaket for deg?» 26 personar tok seg tid til å skriva inn svaret sitt:

1	Å få skrivetid
2	Nettverk, følelsen av å ha forskingskollega på tvers av organisasjonane
3	For å få tid til å lese og skrive i arbeidstiden
4	Workshop der man legger frem og får tilbakemelding på tekster
5	Skrivesamling og workshop
6	Usikker
7	Nyttig med samhandling mellom ulike museer som bedriv forskning
8	Skrivesamlingene
9	Skrivesamlinger, og nettverksbygging
10	Skriveseminar og stipend
11	Skrivesamling
12	Frikjøp
13	Skrivesamlingane og work-shopane
14	Skrivesamling
15	Seminar og skrivesamling
16	Eigentleg at det har vore internt forskarseminar i min organisasjon (MiSF). Det har gjort at det er eit fellesskap, støtte, noko å jobbe fram mot, å få tilbakemeldingar, at det er ein stad alt rundt forskning kan "gå" utan at noko er ferdig for ålmmenta nødvendigvis
17	Høve til å samarbeide om å utvikle forskingsprosjekt, oppdatere meg faglig
18	Skrivesamling
19	Moglegheita til å sitja saman og skriva, og å kunne få tilbakemeldingar på arbeidet sitt
20	Å sette av tidslommer til forskning. Inspirande å gjere det i lag med andre. Det gjer det også enklare å sikre framdrift.
21	Alt var nyttig, men særleg sluttspurtstipend
22	Støtte til å fullføre artikkel
23	Skrivesamlingane
24	Skrivesamlinger – og fellesskapet. Tilskudd til søknad om PhD
25	Fagdager
26	Skrivesamling og forskingsseminar

På dette opne spørsmålet, kor folk sjølv måtte formulera svaret på spørsmålet om kva ein opplevde som mest nyttig ved prosjektet, er det altså skrivesamlingane som vert nemnt mest. Men også det å verta del av ein forskingsfellesskap og eit forskingsnettverk vert nemnd av mange. Det å få tilbakemeldingar på eige arbeid slik ein fekk på workshopane vert også nemnd av fleire. Det er også interessant å sjå at fleire av kommentarane trekk fram at det har vore motiverande å få innblikk i andre si forskning og at ein har opplevd dette forskingsmiljøet musea i mellom som støttande og verdfullt.



På det opne spørsmålet om kva slags tiltak folk sakna i infrastrukturprosjektet var det to tema som skilte seg ut gjennom å verta nemnd av mange. For det første vart temaet om tilgang til forskningslitteratur tatt opp igjen, fleire opplever den manglande tilgangen på forskningslitteratur som eit hinder som det burde verte gjort noko med. I regi av prosjektet vart det kjøpt tilgang til Idunn-basen. Vi er som nemnt usikre på kor nyttig dette har vore for folk, men at det ikkje har vore tilstrekkeleg viser tilbakemeldingane vi har fått. For det andre var det eit ønske om at prosjektet kunne få til eit tettare fagleg fellesskap til dømes ved å arrangera fagspesifikke temadagar eller ved å leggje til rette for eit felles fagprosjekt. Dette siste har prosjektet forsøkt å få til gjennom å invitera til eit samarbeid om søknaden til Forskningsrådet. Oppslutninga rundt dette arbeidet var diverre avgrensa.

Motivasjon

Av dei som deltok i infrastrukturprosjektet svarte 70 % at dei har delteke i forskningsaktivitetar i utanom prosjektet dei siste tre åra. Desse aktivitetane inkluderer å skrive bokkapittel og artiklar, men då utan å få hjelp av tiltaka i infrastrukturprosjektet. Det same gjeld datainnsamling, deltaking i andre eksterne prosjekt, deltaking på seminar, konferansar (inkludert internasjonalt) og fagdagar ved dei enkelte musea. Nokre nemnde og studiar, inkludert MUSE-kursa ved UiB. 25 % av respondentane svarte at dei gjerne skulle ha gjort meir knytt til forskning, men at ei ikkje hadde fått høve til det. I kommentarane til spørsmålet vart det nemnt at nødvendige tidsressursar ikkje var tilgjengelege til forskningsaktivitet, og at det var vanskeleg å prioritere forskning framfor andre museumsoppgåver.

Det er framleis høg motivasjon blant museumstilsette for å drive med forskning og delta i forskningsaktivitetar. I Kartleggingsrapporten kom det fram at over 50 % av dei som svarte på undersøkinga tok jobb i museumssektoren for også å kunne arbeide med forskning, sjølv om stillinga deira ikkje var spesifisert som ei forskarstilling. I tillegg oppgav 72 % av dei som svarte at dei følte at forskning var forventa av dei, sjølv om berre 13 % har ein definert prosentdel av stillinga som kan nyttast til forskning (Kartleggingsrapporten 2022, s. 21). Mykje tyder på at ønska frå leiingane om å auke forskinga i musea, som mellom anna kjem til uttrykk i strategiske planar og forskningsplanar, også kan ha ført til auka forventningar frå tilsette om å få moglegheit til å involvere seg i forskningsaktivitetar (Kartleggingsrapporten 2022, s. 26).

Kartleggingsrapporten viste og at 87 % av respondentane var motiverte for å heve forskingskompetansen sin. Tolv ønskte å starte på doktorgrad, tjuefire ønskte å få autorisasjon som konservator NMF og femten autorisasjon som førstekonservator NMF, fem ønskte å ta mastergrad, tjuesju ønskte å ta MUSE-kurset ved UiB, og tjuetre oppgav «anna» (s. 26). I sluttundersøkinga følgde vi opp denne problemstillinga og spurde om dei hadde eller var i ferd med å auka sin kompetanse i løpet av dei siste åra. Det viste seg at fire hadde starta eller avslutta eit ph.d. prosjekt, tre hadde nyleg fullført si mastergrad, sju jobba med eller hadde fått NMF-autorisasjonar og fem personar hadde starta eller fullført eit MUSE-kurs ved UiB. Det er viktig å merke seg at berre om lag halvparten av dei som svarte på kartleggingsundersøkinga i 2022 svarte på sluttundersøkinga, og då hovudsakleg dei som hadde delteke i prosjektet. Så dette utgjer ikkje ei fullstendig kartlegging av kvalifikasjonar oppnådd dei siste tre åra. Likevel syner svara at det dei siste tre åra har funne stad ei fin utvikling knytt til kompetanseheving ved musea i Vestland.

Når vi i sluttundersøkinga spurde direkte om folk var meir eller mindre motiverte for å drive med forskning nå enn før prosjektet, svarte 65 % at dei var meir motiverte, 7 % svarte at dei var mindre motiverte, og 27 % svarte at dei var like motiverte som før. Forskingsmotivasjonen var stor då forskingsinfrastruktur prosjektet starta, og for fleirtalet av dei som har svart på sluttundersøkinga har motivasjonen vorte større.



I Kartleggingsrapporten kom det fram at sjølv om både leiing og tilsette hadde ønske om å få til meir forskning viste det seg i praksis å vera vanskeleg å prioritera framfor formidling og forvaltning. Evna til å gjera strukturelle tiltak for å få til meir forskning har ikkje vore like stor som vilja til å få til større forskingsleveransar. I rapporten stilte vi difor spørsmålet om leiinga ved musea eigentleg har tatt inn over seg kva forskning faktisk inneber og krev (Kartleggingsrapporten 2022, s. 36). Dette spørsmålet er framleis relevant. Begge undersøkingane viser høg motivasjon og for forskning blant museumstilsette og leiing, men det har ikkje resultert i dei nødvendige varige strukturelle endringane som legg til rette for dette.

Det at det var ein generell semje i svara både frå leiinga og dei tilsette om at det er auka medvit knytt til viktigheita av å forska dei siste åra gjev håp om at strukturelle endringar kan koma.

Forskingslitteratur

I Kartleggingsrapporten vart mangel på tilgang til fag- og vitskapleg litteratur nemnt som eit hovudproblem som måtte takast tak i (s 28).

Ei tydeleg frustrasjon som har kome fram i kartlegginga vår, men også andre kartleggingar gjort av forvaltinga sjølv, er at museumstilsette, sjølv dei med same formelle kompetanse som forskarkollegaer ved UH-institusjonar, ikkje har same tilgang til kjelder som dei. Spesielt med tanke på lukka, digitale ressursar. Her må sektoren gjera grep. (Kartleggingsrapporten 2022, s.37)

Rapporten fann at dette vart opplevd som problematisk for både tilsette og leiarar, og at tilgang på same vilkår som universitetstilsette var ønskjeleg (Kartleggingsrapporten 2022, s. 35). Av dei som deltok og svarte på sluttundersøkinga, oppgav overraskande nok heile 40 % at dei hadde tilstrekkeleg tilgang til litteratur, mens 60 % sa at dei ikkje hadde tilstrekkeleg tilgang. Ved gjennomgang av kommentarane vert det tydeleg at mange av dei som oppgav at dei hadde tilgang, hadde det anten gjennom ein kollegar med bi-stillingar i UH-sektoren, vener og kjende i UH-sektoren eller fekk tilgang gjennom deltaking i kurs i UH-sektoren, til dømes MUSE-kursa. Dette reiser sjølvspørsmål og spørsmålet om lovlegheita og etikk knytt til å få tilgang til forskingslitteratur gjennom andre sin tilgang. Det er på sett og vis djupt problematisk at mange museumsforskarar slik «bergar seg» gjennom tilgangar som i beste fall finn seg i ei gråsone!

Gjennom dei tre åra som forskingsinfrastrukturprosjektet varte påpekte vi gjentatte gonger ovanfor leiing, Kulturdirektoratet og Kultur- og likestillingsdepartementet at dette var ei problemstilling som må løysast for å få til tilfredsstillande vilkår for forskning i musea. Likevel har det ikkje kome institusjonelle endringar knytt til denne problemstillinga. Musea vert betrakta som forskande institusjonar, men har ikkje lovleg tilgang til nødvendig forskingslitteratur. Dette er likevel ikkje eit problem avgrensa til museum på Vestlandet, men ei nasjonalt problemstilling.⁶

Sjølv om spørsmålet om tilgang til litteratur her er knytt til forskingsaktivitetar, tyder dette og på at tilgang til faglitteratur nyttig for andre aktivitetar (som formidling, samlingsarbeid og å halde seg oppdatert innan fagfeltet) også er avgrensa.

Tid/Pengar

I Kartleggingsrapporten svarte eit fleirtal at dei opplevde at forskning var ønskjeleg eller forventa, men at det ikkje var sett av tid og ressursar til dette. Mangel på formalisert forskningstid og struktur rundt forskning vart identifisert som ei av dei større utfordringane knytt til musea sin

⁶ <https://museumsforbundet.no/nyheter/tilgang-pa-forskninglitteratur-for-ansatte-i-museene/>



forskningsproduksjon. I sluttundersøkinga spurde vi folk om dei fekk nok støtte og tid til å fullføre forskingsprosjektet dei heldt på med. Litt over halvparten, 54 % av dei som deltok svarte ja, mens 46 % svarte nei. Vel vitande om at i denne sluttundersøkinga var det store fleirtalet som svarte folk som hadde fått høve til å delta i forskingsinfrastrukturprosjektet og som dermed hadde fått sett av tid til forskning, så ser vi at dette med tid til å forska framleis er eit stort problem for musea. Begge undersøkingane viste at mangel på tid, og manglande evne til å prioritere forskning over andre museumsoppgåver er eit klart hinder og stor utfordring for musea sin forskningsproduksjon. Den uforstyrta skrivetida som trengst for å fullføre forskning, er noko skriveseminara klarte å tilby deltakarane. Likevel var det mange som sleit med å få nok tid til å fullføre forskingsprosjektet sitt.

Fleire av kommentarane i sluttundersøkinga peiker på at folk har opplevd at det har vore ei positiv og lærerik erfaring å delta i prosjektet, og at det å få innblikk i andre sine forskingsprosjekt og kunne få og gje støtte til kvarandre har vore motiverande for folk. Dei konkrete publikasjonane som har kome ut av prosjektet, samt at ei rekke deltakarar i løpet av prosjektperioden har auka sin faglege kompetanse, viser kor viktig tid til forskning og ein støttestruktur er for å auke forskningsaktiviteten.

Resultat i form av publikasjonar og doktorgradsprosjekt

Prosjektet hadde ikkje ei måltal for publikasjonar, og vi har heller ikkje fullstendig oversikt over kva for publikasjonar og tekstar som er resultat av tiltaka i prosjektet. Likevel veit vi at mykje av arbeidet knytt til publikasjonane på side 15 vart gjennomført med støtte frå tiltak i regi av infrastrukturprosjektet: I tillegg veit vi at ytterlegare 14 fagfellelvurderte artiklar er undervegs. Ut over dette har ei rekke andre fagtekstar og populærvitskaplege tekstar kome i kjølvatnet av prosjektets aktivitetar.

I sluttundersøkinga vart respondentane som hadde delteke i forskingsinfrastrukturprosjektet bedne om å kryssa av på kva resultat i form av publiseringar prosjektet hadde medverka til for dei. Det kom fram at av dei 30 som svarte på spørsmålet var det 6 personar som svarte at dei ikkje hadde tekstresultat å visa til. Dei resterande 24 personane hadde alle produsert tekstar og dei fleste hadde publisert eller hadde tekstar i prosess til vitskaplege eller populærvitskaplege publikasjonar. Ut i frå at ikkje alle som har deltatt i prosjektet har svart på undersøkinga har vi grunn til tru at tal publikasjonar som har kome i kjølvatnet av prosjektet er større.

Alle tre som fekk stønad frå prosjektet til å utvikla eit ph.d. prosjekt har fått tilslag og finansiering på prosjekta sine. Ein av dei er godt i gang, etter å ha blitt tilsett som stipendiat i eit forskingsprosjekt ved Universitetet i Bergen. Dei to andre prosjekta er i startfasen av prosjektet, og er begge finansiert gjennom ordninga for offentlig sektor ph.d. Ordninga inneber at 50% av stipendiatlønna er finansiert av Forskningsrådet, mens resten må finansierast av musea sjølve.

Oppsummering

Ifølgje ICOM si gjeldande definisjon av kva eit museum er⁷ og museumsmeldinga,⁸ er forskning noko som er forventa av musea på lik line med forvaltning og formidling. Forskinga si sjølvsegte posisjon i musea vert og stadfesta av dei konsoliderte musea i Vestland sine strategiske dokument. I våre to undersøkingar vert det av både leiing og tilsette peika på at forskning både er ønskjeleg og forventa ved institusjonane deira. Likevel har undersøkingane også vist at det i praksis er vanskeleg å prioritere forskning i konkurranse med andre sentrale museumsoppgåver. Dette i kombinasjon med at det er få kjelder til ekstern finansiering av forskingsprosjekt i musea har som konsekvens at det har vist seg krevjande å få til ein stabil forskningsproduksjon ved musea.

⁷ <https://icom.museum/en/resources/standards-guidelines/museum-definition/>

⁸ Meld. St. 23 (2020–2021) - regjeringen.no (kap.. 5.1)



Kartleggingsrapporten viste at allereie før infrastrukturprosjektet starta var det eit stort engasjement blant museumstilsette for å forske, og også for å auke forskingskompetansen. Undersøkingane har avdekt eit ubrukt potensial for meir forskingsproduksjon. Dette potensialet vert avgrensa av mangel på struktur og prioritering. Undersøkinga peikte også på låg forskingskompetanse blant leiarar og styrer i museum. Det er kanskje slik at dette er medverkande til at leiingane undervurderer kva forskning faktisk inneber og krev. Forsking vert også sett på som noko som burde vere direkte knytt til allereie etablerte oppgåver og planar. Det var fleire strukturelle utfordringar som vart identifiserte i kartleggingsundersøkinga:

- At forskingskompetanse (som akademiske titlar) og -produksjon (til dømes publikasjonar) ikkje vert gjort synleg på museumsnettsidene. Dette er med på å underkommunisere forskinga som vert gjort, og potensialet for forskingsproduksjon. Dette kan vidare gjere det vanskeleg å tiltrekke seg nye tilsette med forskingskompetanse til musea.
- Mangel på strategiar for å auke forskingskompetanse, både blant tilsette og i rekrutteringsprosessar.
- Lite eller inga prioritert forskningstid for tilsette, og mangel på struktur eller klare retningslinjer for forskning.
- Svært avgrensa tilgang til litteratur og kjelder som er viktige, ikkje berre for forskning, men og for å halde seg fagleg oppdatert på tvers av andre museumsoppgåver, som formidling og forvaltning.

Sluttundersøkinga, gjennomført hausten 2024, har følgd opp mange av desse problemstillingane. Vi har også sett på korleis folk har engasjert seg i infrastrukturprosjektet, og kva effektar ein kan sjå av prosjektet.

Sluttundersøkinga viser at tiltaka i prosjektet har medført ein auka forskingsproduksjon. Det har vore ei kjernegruppe på om lag fem til ti tilsette frå dei konsoliderte musea i Vestland som har delteke i mange ulike aktivitetar, og ei gruppe på om lag tjue til tretti som har nytta seg av nokre av tiltaka. Undersøkinga tyder på at motivasjonen for å forska har auka blant desse og andre tilsette i musea. Ein har også sett ein generell auke i medvit og samtale om forskinga si rolle i musea og korleis dette vert verdsett. Noko som òg vert støtta av leiarane.

Støtta og ressursane som vart gjort tilgjengelege gjennom prosjektet har gitt nokre tydelege resultat, men det viser og at endring går sakte. Sjølv om det har vore ein auke i publikasjonar og forskingskompetanse, saman med eit større medvit om forskning, har det vore lite framgang når det gjeld å skapa dei strukturelle endringane som vart påpekt i Kartleggingsrapporten.

Resultata frå prosjektet og tilbakemeldingane frå deltakarane viser ein positiv nettverkseffekt. Både når det gjeld tida og rommet prosjektet gav til forskning, og ved å skapa ein fellesskap på tvers av musea i Vestlandet. Det viser også høg grad av motivasjon og støtte frå både leiarar og tilsette.

For at denne framgangen skal halda fram, meiner vi at det krevst både strukturelle og kulturelle endringar. I musea treng ein endring i haldning og kunnskap om kva forskning er og krev. Men også ei endring i korleis museum og museumstilsette ser på seg sjølve, slik at forskning kan sjåast på som like viktig og relevant som andre museumsoppgåver.

Det er likevel eit spørsmål om kor mykje framgang og endring ein eigentleg kan forvente utan ressursar til å vidareføre den infrastrukturen prosjektet har tilrettelagt for, og utan auka satsing på finansiering av forskingsprosjekt i regi av musea. Vilje til forskning er ikkje nok, vi må ha ressursar til forskning også.



Litteraturliste


https://misf.no/assets/misf/publikasjoner/forskingsressursar-og-rammevilkar-for-forsking-i-musea-i-vestland_rapport.pdf

Meld. St. 23 (2020–2021) - regjeringen.no (Kap. 5.1)

<https://www.forskerforum.no/myndighetene-forstar-ikkje-kva-musea-treng-for-a-fa-til-forsking-av-hog-kvalitet/>

<https://icom.museum/en/resources/standards-guidelines/museum-definition/>

<https://museumsforbundet.no/nyheter/tilgang-pa-forskninglitteratur-for-ansatte-i-museene/>



HARDANGER OG
VOSS MUSEUM

BYMUSEET.



M U
H O

MUSEUMSSENTERET
I HORDALAND

